



BERGEN KOMMUNE  
BYRÅDSAVDELING FOR BYUTVIKLING  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Dato: 17.01.2018  
Vår ref.: 2018/514-1  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## Rammeløyve til kjøpesenter på Haukås i høve til regional føresegn

Bergen kommune har 10. januar 2018 gitt rammeløyve til etablering av kjøpesenter på Haukås, med eit samla areal på 69 710 m<sup>2</sup>. Hordaland fylkeskommune har ikkje fått melding om dette frå kommunen, men er gjort merksam på saka gjennom kopi av brev frå fylkesmannen til Bergen kommune, datert 16.01.18, der fylkesmannen opphevar vedtaket om rammeløyve.

Lokalisering og dimensjonering av handelstilbod er viktige reiskap for å bidra til eit arealeffektivt og klimavenleg utbyggingsmønster. *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* (2014) skal leggje til rette for at handel vert etablert i sentera i fylket og at storleiken vert balansert mot folketal i handelsområdet. Regional føresegn for handel set difor krav om at ny detaljhandel skal lokaliserast i senter og innafør sentrumsutstrekninga, og at samla bruksareal skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen.

Rammeløyvet til kjøpesenter på Haukås opnar for om lag 70 000 m<sup>2</sup> handel, dette er like mykje handelsareal som på Lagunen kjøpesenter, eit bydelssenter med regionale funksjonar. Det er avgjerande at handelsetablering av ei slik storleik vert vurdert i høve til overordna regionale mål og føringar.

Den regionale føresegna set krav om samtykke frå Hordaland fylkeskommune dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3000 m<sup>2</sup>. Bergen kommune har i denne saka gitt rammeløyve utan samtykke frå fylkeskommunen. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar, og tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegnene. Vi vurderer på bakgrunn av dette at rammeløyve til kjøpesenter på Haukås ikkje er gyldig.

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar kommunal plan

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Hordaland  
Statens vegvesen - Region Vest